

Statsforvaltarens tilråding til
Miljødirektoratet om vern av skog for
Rusteåne, Gol kommune

Statsforvaltaren i Østfold, Buskerud, Oslo og
Akershus, juni 2026

Innhold

1. FORSLAG.....	3
1.1 Heimelsgrunnlag	3
1.2 Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget	4
1.3 Andre interesser.....	5
1.4 Planstatus.....	5
2. SAKSHANDSAMING	5
2.1 Sakshandsamingsprosessar.....	5
2.2 Konsultasjon med Sametinget og reinbeitedistrikt	5
2.3 Forholdet til utredningsinstruksen	6
2.4 Forvaltningsmyndighet	6
3. VIKTIGE ENDRINGAR UNDER BEHANDLINGA AV VERNEPLANEN	6
3.1 Namn.....	6
3.2 Avgrensing.....	6
3.3 Verneforskrift.....	7
4. FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSAAR	7
4.1 Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar	7
4.2 Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar	7
4.3 Avveiging skogvern - skogbruk.....	7
5. Beskriving av det enkelte området med merknader	8
1. Rusteåne, Gol kommune.....	8

1. FORSLAG

Statsforvaltaren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus tilrår vern av Rusteåne naturreservat i medhald av naturmangfoldloven (lov om forvaltning av naturens mangfold). Området er eit nytt naturreservat.

Tilrådinga omfattar 905 dekar nytt verneareal. Totalt skogareal er 905 dekar, og av dette er 905 dekar produktiv skog.

Området som foreslås vernet er:

1. Rusteåne naturreservat, Gol kommune, Buskerud fylke

1.1 Heimelsgrunnlag

Området blir foreslått vernet i medhald av naturmangfoldloven § 34 og § 62.

Området blir foreslått verna som naturreservat, jf. naturmangfoldloven § 37. Vilåret for å kunne opprette eit naturreservat etter naturmangfoldloven § 37 er at arealet anten inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur, representerer ein bestemd naturtype, på annan måte har særleg betydning for biologisk mangfald, utgjer ein spesiell geologisk førekomst eller har særskilt naturvitskapleg verdi.

Naturreservatet skal bidra til bevaringsmåla i naturmangfoldloven § 33, mellom anna bokstavane
a (variasjonsbreidda av naturtypar og landskap),
b (artar og genetisk mangfald),
c (trua natur og økologiske funksjonsområde for prioriterte artar).

Verneområdet skal bidra til å oppfylle fleire nasjonale mål som:

- *Eit representativt utval av norsk natur skal bevarast for kommande generasjonar.*
- *Økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester.*
- *Ingen trua artar og naturtyper skal utryddast, og utviklinga til truga og nær truga artar og naturtyper skal betras.*

Oppretting av verneområdet bidreg til å nå internasjonale mål og forpliktingar, m.a. nedfelte i konvensjonen for biologisk mangfald artikkel 8 om eit samanhengande verneområdenettverk, jf. òg naturmangfoldloven § 33 bokstav g.

Ved å verne desse naturområda mot ulike typar inngrep, gir verneområda også eit positivt bidrag til det nasjonale og internasjonale målet om å stanse tapet av naturmangfald, jf. naturmangfoldloven § 33 bokstav a, b og c.

Områda vil bidra til å oppfylle det nasjonale målet vedtekne av Stortinget om 10 % vern av skog.

1.2 Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget

Det foreslåtte verneområdet inkluderer viktige naturtypar og mange trua og nær trua artar.

Vern av området bidreg til å redusere dei negative effektane av klimaendringane, gjennom å sikre eit nettverk av viktige leveområde for naturmangfaldet i norske økosystem. Det foreslåtte verneområdet har stor variasjon og rikt artsmangfald. Slike område er robuste mot endringar i klimaet og bidreg til langsiktig bevaring av artsmangfaldet og vidareføring av dei økosystemtjenester skogen gir. Vern av områda vil bidra til langsiktig binding av karbon. Det meste av skogen i denne tilrådinga er gammal barskog, som ifølgje rapporten Skogvern som klimatiltak (NINA rapport 752) har det største karbonlageret per arealeining i levande biomasse. Etter figur 1 i den same rapporten kan den gjennomsnittlege karbonmengda i levande biomasse i skog som blir verna, blir estimert til å vere om lag 70 tonn karbon per hektar.

I denne verneplanen er verneverdiane for området knytt til gammal granskog i bekkekløftmiljø. som vil bidra til å fylle manglar i vernet. Samtidig vil dei bidra til å bevare trua og nær trua artar. Det er registrert 12 raudlista artar i området.

Kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet i verneforslaget er innhenta frå:

Gaarder, G. 2009. Naturverdier for lokalitet Rusteåni, registrert i forbindelse med prosjekt Bekkekløfter 2008. NaRIN faktaark. BioFokus, NINA, Miljøfaglig utredning.

Dei viktigaste påverknadsfaktorane på verneverdiane i området som blir foreslått verna er skogbruk og kraftinteresser. Vern av dei foreslåtte områda skal gjennom føresegner om slike tiltak sikre areal med viktige vernekvalitetar og bidra til å sikre areal med viktige vernekvalitetar og bidra til dekning av viktige manglar i skogvernet. Områda vil bidra til langsiktig og effektiv bevaring av trua naturtypar og levestad for at mange trua artar, og dermed redusere den samla belastninga på artar som har risiko for å døy ut.

Verneforskriftene opnar for at fleire pågåande aktivitetar kan førast vidare. Tiltak som isolert sett vurderast å ha lite å seie for verneformålet, kan i sum og over tid medverke til at verneverdiane ringast. For enkelte aktivitetar vil det derfor i tråd med prinsippa om samla belastning vere restriksjonar, slik at naturverdiane får eit auka vern. Dette er også i tråd med prinsippa om miljøforsvarlege teknikkar og lokalisering, og dessutan miljøringast betalar der det ut frå omsynet til verneverdiane er fastsette føresegner om mellom anna ferdsel og infrastrukturtiltak. Ut frå dagens kunnskap om artar og naturtypar i områda vil dei aktivitetane som i samsvar med verneforskriftene kan førast vidare, med lita grad av sannsyn ha vesentleg negativ innverknad på desse artane, naturtypane og landskapselementa. Vernereglane tillèt likevel ikkje vesentlege inngrep i områda.

Statsforvaltaren vurderer det slik at vernet med stor grad av sannsyn vil føre til ei positiv utvikling for artane og naturtypane, jf. naturmangfaldsloven §§ 4 og 5. Statsforvaltaren reknar at kunnskapsgrunnlaget er i tråd med kravet i naturmangfaldsloven § 8. Statsforvaltaren har ut frå ei føre-var-tilnærming i verneforslaget vektlagt moglegheita for fleire påverkingar av same slag, eller ein kombinasjon av fleire ulike påverknadsfaktorar (samla belastning). Det føreligg elles etter Statsforvaltarens oppfatning tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet, påverknadsfaktorar og effekten av vernet. Føre-var-prinsippet blir derfor ikkje ytterlegare vekt i denne saka.

For nærare beskriving av verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget, jf. naturmangfaldsloven kapittel II, blir det vist til omtalen av området i kapittel 6.

Dersom området ikkje blir verna, vil det vere andre sektorlovar som regulerer arealbruken framover og som skal vareta omsyna til biologisk mangfald.

1.3 Andre interesser

Kraft og energi:

Det ligg eit elvekraftanlegg midt i verneforslaget, men dette er grensa ut av arealet som blir tilrådd til vern. Frå deminga går det tilløpstunell til Hemsil II. Det går ein bratt sti ned til kraftverket, delvis i form av ei trapp, og dette er einaste tilkomstveg. Stien/trappa er i eit skredutsatt terreng. Tiltak i samband med drift og vedlikehald, samt sikringsarbeid mot skred og steinsprang, er tekne omsyn til i forslag til verneforskrift.

Landbruk

Området blir benytta til beite. Det er ein hjortefarm som grensar til verneforslaget, der eit sperregjerde ligg delvis innanfor området.

Friluftsliv

Det er både traktorveggar og stiar i området, men det er uvisst om området nyttas til friluftsliv.

Samiske interesser og villrein

Verneforslaget ligg ikkje innanfor leveområde for villrein. Det er ikkje kjent at det finst samiske interesser i området.

1.4 Planstatus

Arealet i dette verneforslaget er sett av som LNFR-område i arealplanen til Gol kommune. Det er ei omsynssone for skred innanfor området (H_310).

2. SAKSHANDSAMING

2.1 Sakshandsamingsprosessar

Statsforvaltaren fekk tilbod om Rusteåne frå grunneigarane 19.04.2024. Det vart meldt oppstart for verneplanarbeidet 27.06.2024, og verneplanen vart sendt på høyring 20.10.2025

2.2 Konsultasjon med Sametinget og reinbeitedistrikt

Ikkje aktuelt i det foreslåtte verneområdet, då det ikkje er reinbeitedistrikt eller kjende samiske interesser.

2.3 Forholdet til utredningsinstruksen

Verneverneforslaget er utarbeidd i samsvar med Utredningsinstruksen. I kapittel 1 og 2 grunngjev ein for verneforslaget på overordna nivå og samanhengen med nasjonale og internasjonale mål om å ta vare på eit utval av norsk natur blir klargjort. Vidare blir omtalt kort kva som eventuelt skjer med verneverdiane viss verna ikkje blir gjennomført og kva verkemiddel som eventuelt kan vere relevante. I kapittel 5 blir samfunnsnytta av verneforslaga vurderte på eit overordna nivå, saman med økonomiske og administrative konsekvensar. I kapittel 6 blir omtalast og vurderast generelle kommentarar og konkrete merknader til verneforslag for dei enkelte områda frå ulike partar, styresmakter og interessegrupper. Etter avvegingar mellom verneverdiane i områda og andre samfunnsinteresser er det undervegs i verneprosessen gjord endringar i vernereglar og avgrensing for verneforslaget.

Gjennomføringa i samsvar med rundskriv T-2/15 om saksbehandlingsreglar ved områdevern etter naturmangfaldslova, forvaltningslova og utgreiingsinstruksen har medført inkluderande prosessar som sikrar ei vellykka gjennomføring.

Gjennom verneplanprosessen er det gjort ei avveging mellom verneinteresser og andre brukar- og samfunnsinteresser. Verneforslaget er også i størst mogleg grad tilpassa dei ulike brukarinteressene i området. Krava i naturmangfaldsloven § 14 er dermed oppfylt.

2.4 Forvaltningsmyndighet

Aktuelle kommunar skal gjennom høyringsprosessen gi tilbakemelding på om dei ønskjer å få tildelt forvaltningsmynde for nye verneområde i tråd med gjelda politikk på området. Forvaltningsmynde blir fastsett gjennom forskrifta når område blir vedteke vernet.

Tabellen nedanfor viser kva kommunar som har/ikkje har forvaltningsmynde i dag, og om dei ønskjer å ha forvaltningsansvaret for nye og eksisterande verneområde eller ikkje.

Navn på område	Kommune	Har forv.mynd. i dag	Ønskjer forv.mynd.
Rusteåne	Gol	Ja	Ja

3. VIKTIGE ENDRINGAR UNDER BEHANDLINGA AV VERNEPLANEN

3.1 Namn

I høyringsprosessen har det ikkje kome innspel om endringar av namnet på verneområdet.

3.2 Avgrensing

Det er ikkje gjennomført endringar i avgrensinga for området etter høyringa.

3.3 Verneforskrift

Det er gjennomført endringer i verneforskrifta for området etter høyringa, etter innspel frå Hafslund kraft AS og NVE. Det er lagt til føresegner under §§ 4 og 7 knytta til vedlikehald av elvekraftverk som ligger midt i verneforslaget, samt skredsikring av kraftverket og tilkomstveg. Sjå nærare beskriving i kapittel 5.

4. FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVEN SAR

4.1 Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar

Området er i arealplanane til kommunane avsett til Landbruks-, natur-, friluft- og reindriftsområde (LNFR-område). Kartleggingar av naturverdiane i områda er gjennomførte som del av verneplanprosessen. I nokre tilfelle er eksisterande data brukte som utgangspunkt for vurdering av verneverdi. Bruksinteresser er klarlagde gjennom høyring av verneforslag og annan kontakt med partar saka vedkjem.

Vernet vil avgrense dei framtidige moglegheitene for m.a. skogbruk, jordbruk, mineralutvinning, ytterlegare regulering av vassdrag, nedbygging og anna omdisponering frå natur til andre formål. Det er elles i verneplanprosessen lagt vekt på å komme andre interesser i møte gjennom avgrensing og forskriftsutforming.

Statsforvaltaren meiner at verneforslaget slik det no ligg føre har små negative konsekvensar. Samla sett vurderer Statsforvaltaren det slik at dei samfunnsøkonomiske konsekvensane av vernet vil vere positive på sikt. Forslaget vil sikre natur som har ei positiv samfunnsnytte, sjølv om denne ikkje kan verdsetjast. Forslaget vil samtidig bidra til oppfylling av nasjonale og internasjonale forpliktingar om å vareta naturmangfaldet. Verneforslaga vil også sikre viktige område for friluftsliv.

4.2 Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar

Dei største kostnadene som følgje av etableringa av verneområdet vil vere utgifter til forvaltning for å ta vare på verneverdiane.»

4.3 Avveiging skogvern - skogbruk

Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet fekk den 1. juli 2020 i oppdrag frå Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet å greie ut forvaltningstiltak knytt til skogvern og konsekvensar for avverknaden og bidraget skognæringa hadde til det grønne skiftet. I rapport M-2007-2021 har direktorata foreslått retningslinjer for avveigingar.

I oppdrag frå Klima- og miljødepartementet datert 8.11.2021 bad Klima- og miljødepartementet om at forslaget blir sett i verk, med nokre mindre justeringar. For privateigd skog skal forslaget setjast i verk for område der det blir motteke tilbod etter 1. februar 2022, og ved vern av offentleg eid grunn for område der det blir meldt oppstart frå og med same dato.

Betydning for vern	Har	V1	V1S7	V1S6	V1S5	V1S4	V1S3	V1S2	V1S1 ¹⁾
		V2	V2S7	V2S6	V2S5	V2S4	V2S3	V2S2	V2S1 ¹⁾
		V3	V3S7	V3S6	V3S5	V3S4	V3S3	V3S2	V3S1
	Kan få	V4	V4S7	V4S6	V4S5	V4S4	V4S3	V4S2	V4S1
		V5	V5S7	V5S6	V5S5	V5S4	V5S3	V5S2	V5S1
		V6	V6S7	V6S6	V6S5	V6S4	V6S3	V6S2	V6S1
	Har mindre	V7	V7S7	V7S6	V7S5	V7S4	V7S3	V7S2	V7S1
			S7	S6	S5	S4	S3	S2	S1
			Har mindre	Kan få			Har		
	Betydning for tømmer tilgangen								

Figur 1 Matrise for området betydning for tømmer tilgangen og betydning for vern. Grønne områder angir områder hvor vern skal prioriteres fremfor skogbruk, røde ruter angir at tømmer tilgangen skal prioriteres fremfor vern og gult felt angir områder som må vurderes nærmere av Statsforvalter.

Betydninga for tømmer tilgangen blir vurdert for det arealet som er tilbydd, medan betydninga for vern blir vurdert for verneverdig areal innanfor tilbodet. Området som no er føreslått for vern, ligg innanfor dei kategoriane som skal prioriterast for vern (grønne ruter) og har kategori V2S7

Område	Betydning for vern og tømmer tilgang	Tilbudt areal	Foreslått for vern
Rusteåne	V2S7	853	905

5. Beskriving av det enkelte området med merknader

1. Rusteåne, Gol kommune

Totalareal 905 dekar.

Skogareal totalt 905 dekar.

Produktiv skog 905 dekar.

Verneformål og særskilte verneverdier:

Føremålet med naturreservatet er å ta vare på eit område som har særskild tyding for biologisk mangfald og utgjer ein spesiell geologisk førekomst i form av ei stor bekkekløft. Det er ei målsetjing å halde verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

Området vart kartlagt i 2008 som del av systematiske undersøkingar av bekkekløfter i regi av Direktoratet for naturforvaltning (no Miljødirektoratet). Sjølv om kløfta ligg sørvendt, er ho så djup og trong at partia nær elva er godt skjerna og gir grunnlag for typiske bekkekløftartar. Elva dannar ikkje fossefall av nemnande tyding og har ei ganske rett og jamn form, utan større sidekløfter. Berggrunnen er stort sett fattig kvartsitt med innslag av migmatitt (gneis). Gran er dominerande,

sjølv om det òg finst noko furu. Det er lite innslag av lauvtre. Blåbærskog og delvis småbregneskog er dei viktigaste vegetasjonstypene, men med aukande innslag av lågurtskog og bærlyngskog nedover i kløfta.

Tre naturtypar med nemninga bekkekløft og bergvegg–bekkekløft er registrerte etter DN-handbok 13, der to har A-verdi og éin har B-verdi. Totalt er 12 raudlisteartar så langt kjende, og området er vurdert som regionalt til nasjonalt verdifullt.

Området fyller manglar i skogvernet knytte til skogtypene bekkekløft med bergvegger og gammalskog i mellomboreal vegetasjonssone (nedre del).

Inngrepsstatus og andre interesser:

Bruksinteressene i verneområdet er hovudsakleg knytte til skogbruk, energiproduksjon og beite. Moglegheita til å drive skogbruk vil falle bort, medan beitemoglegheitene kan halde fram. I dag er det ein hjortefarm som grensar til tilbodsområdet, der eit sperregjerde ligg delvis innanfor området.

Det er eit elvekraftanlegg midt i tilbodsområdet som er grensa ut. Frå dammen går det tilløpstunnel til Hemsil II. Sjølve kraftverket ligg inne i fjellet ved Gol sentrum. Maksimal overføringskapasitet er ifølgje NVE 11 m³/s. Hafslund AS eig anlegget.

Ved 50-årsflaum har NVE rekna ut at alt vatnet vil gå i Rusteåne. I NVE sitt brev til Olje- og energidepartementet 23.6.2021 (saksnr. 18/1083) er revisjon av konsesjonsvilkåra for Hemsil II omtala, men det er avklart at dette ikkje er omfatta av konsesjonen for Hemsilvassdraget i Buskerud m.v. 25. januar 1957. Av nemnde brev på side 17 går det fram at NVE har opna revisjonssak (NVE 200700391-13). Vann-Nett viser at NVE i 2016 har avvist å vurdere minstevassføring. Konklusjonen er difor at det ikkje er krav til minstevassføring i Rusteåne.

Rusteåne har eit nedbørfelt på 86 km² med middeltilsig på 38 millionar m³/år (1,2 m³/s). Rusteåne har vassførekomst-ID 012-45-R og er karakterisert som «sterkt modifisert vassførekomst (SMVF)», der «god økologisk tilstand ikkje er realistisk», og miljømålet er redusert til «moderat økologisk potensial».

Samandrag av høyringsfråsegnene:

Verneforslaget er sendt på høyring til *grunneiere, Akershus Bondelag, Akershus fylkeskommune, Akershus Idrettskrets, Akershus og Oslo orienteringskrets, Akershus sau og geit, Akershus Skikrets, Birdlife Oslo og Akershus, Buskerud Bonde- og Småbrukarlag v/ Kjetil Jørstad, Buskerud Bondelag, Buskerud botaniske forening, Buskerud fylkeskommune, Buskerud Orienteringskrets, Buskerud ornitologiske forening, Buskerud Sau og Geit, Buskerud Skikrets, DNT Drammen og omegn, DNT Oslo og Omegn, Drammen natur og ungdom, Drammen kommune, Eidsvoll kommune, Elvia AS, Feiring IL, Feiring Jernverks venner, Forum for natur og friluftsliv – Buskerud, Forum for natur og friluftsliv Oslo og Akershus, Føie (tidligere Hallingdal Kraftnett AS), Glitre Nett AS, Glitrevannverket IKS, Gol kommune, Jernverkshelga i Feiring, Krødsherad kommune, Krødsherad skytterlag, Lede AS, Lier kommune, Midtnett AS, Modum kommune, Natur og Ungdom (Østfold og Akershus), Naturvernforbundet i Buskerud, Naturvernforbundet i Oslo og Akershus, Naturvernforbundet Hallingdal, Nittedal kommune, Norefjell Nett AS, Norges Jeger- og Fiskerforbund Akershus, Norges Jeger- og Fiskerforbund Buskerud, Oslo og Akershus Bonde- og Småbrukarlag, Oslo og Omland Friluftsråd, Romerike sopp- og nyttevekstforening, Viken idrettskrets, Avinor AS, Bane NOR SF, Den*

Norske Turistforening, Direktoratet for mineralforvaltning, Glommen Mjøsen skog, Forsvarsbygg, Friluftslivets fellesorganisasjon, Friluftsrådernes Landsforbund, Hafslund kraft as, Jernbanedirektoratet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, KS, Landbruksdirektoratet, Luftfartstilsynet, Nasjonal kommunikasjonsmyndighet, Natur og Ungdom, NHO Reiseliv, Norges Bondelag, Norges Geologiske Undersøkelser, Norges Handikapforbund, Norges Idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Norges Luftsportsforbund, Norges miljø- og biovitenskapelige universitet, Norges Miljøvernforbund, Norges Naturvernforbund, Norges Orienteringsforbund, Norgesnett AS, Norges skogeierforbund, Norges Televisjon, Norges vassdrags- og energidirektorat, Norsk Bergindustri, Norsk Biologforening, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norsk Botanisk Forening, Norsk Industri, Norsk institutt for bioøkonomi, Norsk institutt for naturforskning, Norsk Organisasjon for Terrengsykling, Norsk Orkideforening, Norsk Ornitologisk Forening, Norsk Sau og Geit, Norsk Zoologisk Forening, NTNU, Fakultetet for naturvitenskap og teknologi, NTNU, Ringve botaniske have, NTNU, Vitenskapsmuseet, SABIMA, Sokkeldirektoratet, Skiforeningen, Statens Kartverk, Statens Vegvesen, Statkraft SF, Statnett SF, Statskog SF, Stedsnavnstjenesten for Østlandet og Agderfylkene, Telenor Servicesenter for nettutbygging, Telia Towers, Universitetet i Bergen, Universitetet i Oslo, Institutt for biovitenskap, Universitetet i Oslo, Naturhistorisk museum og botanisk hage, Universitetet i Tromsø, Vegdirektoratet, Viken skog, WWF-Norge

I høyringa, som òg omfatta fleire andre område, kom det inn 10 innspel som var relevante.

Eit samandrag av desse, i tillegg til innspel ved varsel om oppstart som gjeld energi- eller mineralinteresser, er teke med nedanfor:

Bane Nor, Statens vegvesen, Jernbanedirektoratet og Språkrådet har gitt uttale, men har ikkje hatt merknader til verneforslaget.

Gol kommune seier dei vil ta på seg forvaltningsansvaret for verneområdet.

Hafslund Kraft eig og driftar dam Rusteåni, og har gitt innspel til både oppstartsmelding og høyring. Dammen er skilt ut som eigen eigedom og er ikkje ein del av verneområdet. Tilkomsten til dammen går gjennom svært bratt og ras-utsett terreng, og består dels av sti og dels av trapp. Tilkomst til dammen er viktig i driftsfasen for å reinske inntaket under kraftige nedbørperiodar og snøsmelting, samt for å gjennomføre lovpålagt tilsyn. Ved eventuelle større arbeid og bruk av tyngre maskiner må alternativ tilkomst vurderast.

Stien/trappa går gjennom aktsemdssone for snøskred, steinsprang og jord- og flaumskred. Hafslund Kraft har synfart området og konkludert med at ny tilkomstveg ikkje er mogleg på grunn av terrenget, og sikring av eksisterande trasé med fanggjerde er under planlegging. I tillegg viser rapport frå SWECO (2021) at steinsprang kan treffe damkonstruksjonen, og at dammen over tid kan få betydeleg skade. Basert på dette ventar Hafslund Kraft å måtte gjennomføre sikringstiltak innanfor verneområdegrensa.

Føreslått føresegna i verneforskrifta om vedlikehald av eksisterande traktorvegar, stiar og anlegg (§ 4 d) dekkjer ikkje behovet for vedlikehald og oppgradering av dam og tilkomst med tanke på skredproblematikken. Det er uheldig å måtte søkje om dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48 kort tid etter at forskrifta er vedteken. Hafslund Kraft ønskjer standardføresegner som sikrar

behovet for drift og vedlikehald av kraftverket, og at det blir lagt til ein bokstav under § 7 (spesifiserte dispensasjonsreglar) som opnar for at forvaltningsstyresmakta etter søknad kan gi dispensasjon til nødvendig arbeid og utbetring på eksisterande energi- og kraftanlegg og tiltak i tilknytning til desse.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) ber Føie AS om å vurdere om det er behov for sikringshogst rundt kraftleidningane som bør få unntak i verneforskrifta, samt behov knytt til eventuell framtidig oppdatering av kraftleidninga. Vidare ber NVE statsforvaltaren om å orientere grunneigarane om småkraftpotensial i elva. NVE viser til Hafslund Kraft sitt innspel om sikringstiltak mot skred, og peikar på at når vasskraftanlegg ligg så tett opp mot vernegrensa og ei regulert elvestrekning ligg innanfor vernegrensa, kan det oppstå behov for tiltak i verneområdet, som til dømes sikringstiltak mot steinsprang. NVE ber statsforvaltaren om å leggje inn dispensasjon for slike tiltak. Hafslund Kraft AS har gitt tilbakemelding til NVE om at det ikkje er aktuelt med rydding av vegetasjon eller sikringstiltak mot flaum på denne strekninga.

Å søkje om tiltak etter dei generelle dispensasjonsføresegnene i § 8 (naturmangfaldlova § 48) føreset at anten tiltaket ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig, eller at omsyn til tryggleik eller vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig. NVE meiner at dette skaper ein uforholdsmessig høg terskel for tiltak som er nødvendige for at regulanten skal oppfylle pliktene sine, og kan føre til at nødvendige tiltak blir utsette eller ikkje gjennomførte.

NVE føreslår følgjande endringar i verneforskrifta:

§ 4 Generelt unntak for

- Tiltak som er nødvendige for istandsetjing ved akutt behov på eksisterande vassdragsanlegg, regulert elvestrekning og sikringstiltak i eller inntil verneområdet.

§ 7 Spesifisert dispensasjon for

- Drift, vedlikehald og andre tiltak på vassdrags- og energianlegg og reguleringa, i den grad det er nødvendig for å utøve rettar eller oppfylle plikter gitt i eller i medhald av energi- og vassdragslovgivinga.
- Sikring av tilkomstveg og vassdrags- og energianlegg mot steinsprang.

Noregs Televisjon AS (NTV) har sendt innspel om at dei tek atterhald om å kome tilbake til saka dersom eksisterande eller auka vegetasjon i verneområdet vil påverke signala deira negativt. Dette omfattar òg krav om at avbøtande tiltak i det digitale bakkenettet ved forstyrringar må dekkjast av Statsforvaltaren eller rette verneinstans.

Telia Towers opplyser om at dei har ein installasjon nord for verneforslaget. I samband med vedlikehaldsarbeid på installasjonane er det nødvendig å kunne nytte helikopter ved transport av tyngre utstyr, samt ATV m.m. for tilkomst. Dette er viktig for å kunne oppretthalde dekninga i desse områda.

Teako Minerals peikar på kor viktig det er å ta omsyn til kjende og moglege framtidige geologiske førekomstar i det vidare arbeidet med verneforslaga, for å unngå at det blir lagt unødige hinder for framtidig leite- og gruveverksemd. Dei meiner at kunnskapsgrunnlaget for den vidare verneprosessen må gjere greie for potensialet for mineralførekomstar, gruvedrift og mineralutvinning i områda. Vidare bør det hentast inn fakta og opplysningar basert på kunnskapen

til mineralnæringa, Noregs geologiske undersøking, Direktoratet for mineralforvaltning og Norsk Bergindustri, samt berggrunnskart.

Statsforvaltaren sine kommentarar:

Statsforvaltaren tek fråsegnene frå Bane Nor, Gol kommune, Statens vegvesen, Språkrådet, Noregs Televisjon og Jernbanedirektoratet til orientering.

NVE: Til innspelet frå NVE uttaler Statsforvaltaren at Føie AS ikkje har uttalt seg til verneforslaget.

Hafslund Kraft og NVE: Statsforvaltaren har fjerna føresegna i § 7 om rydding av vegetasjon i elveløpet, då det blir vurdert at dette ikkje vil vere ei aktuell problemstilling i det foreslåtte verneområdet. Vi har òg teke omsyn til ønsket frå Hafslund Kraft og NVE ved å leggje inn føresegner i §§ 4 og 7, om tiltak på og i tilknytning til drift og vedlikehald av vassdragsanlegget, samt sikring av tilkomstveg og anlegget mot steinsprang, då dette kan bli nødvendig innanfor verneområdet. Følgjande føresegner er lagt til i forslag til verneforskrift:

§ 4 Generelt unntak frå vernereglane

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for..:

e. Tiltak som er naudsynte for istandsetjing ved akutt behov på eksisterande vassdragsanlegg, regulert elvestrekning og sikringstiltak i eller inntil verneområdet.

§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til..:

g. drift, vedlikehald og andre tiltak på vassdragsanlegg og regulering i eller inntil verneområdet

h. naudsynt sikring av tilkomstveg og vassdragsanlegg mot steinsprang og skred

Telia Towers: Den aktuelle masta er lokalisert meir enn 600 meter nord for verneforslaget, med eigen tilkomstveg frå hovudvegen. Det er derfor lite aktuelt å ta inn føresegner i verneforskrifta knytte til drift og vedlikehald av denne.

Teako Minerals: Når det gjeld innspelet frå Teako Minerals, er det ingen kjende mineralressursar i området i følge NGU sine karttenester. Verneplanen har i tillegg vore på høyring hos NGU og Direktoratet for mineralforvaltning, der ingen gav høyringsinnspel.

Statsforvaltaren si tilråding:

Statsforvaltaren rår til at området blir verna som naturreservat med namn og vernekart i samsvar med høyringsforslaget.

Området blir tilrådd med ei lita endring i forslaget til verneforskrift.

Vedlegg:

Vedlegg 1. Forslag til vernekart for Rusteåne naturreservat, Gol kommune

Vedlegg 2. Forslag til verneforskrift for Rusteåne naturreservat, Gol kommune

Vedlegg 3. Avveining skogbruk/skogvern.

Vedlegg 4. Høringsfråsegner samla